

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har arbeidd med tematikken berekraftig mat på ymse måtar, og det er naturleg at dette arbeidet vil halde fram i Vestland fylkeskommune. Anbodsprosessen for kantinedrift på det mellombelte fylkeshuset på Sandsli er eit døme på dette. Her var miljø eitt av fleire kriterium som aktuelle leverandørar vart vurdert ut frå.

For å få til omstilling til meir berekraftig mat i skulane, vil gode innkjøpsavtalar, samt kompetanseutvikling og støtte til dei tilsette som skal stå for endringa vere sentralt.

Matserveringa i fylkeskommunal regi går i hovudsak føre seg i administrasjons- og skulebygg, og det er ein har høve til å påverke kosthaldet til kundane i størst grad. I kantina kan skulane legge til rette for god miljø- og klimahandling, som å velje berekraftig mat, minimere matsvinn, og legge til rette for sortering av avfall.

Budsjett er ein viktig føresetnad for kva kantinene på skulane kan få til, då denne drifta i prinsippet er sjølvfinansiert.

Berekraftfokus soknar til ulike deler av fylkeskommunen si verksamhet. Difor legg ein opp til ei heilskapleg tilnærming, der avdelingane søker å samordne aktivitetane sine på feltet.

Avslutningsvis vil fylkesordførar peika på at me bør i eigen organisasjon også bidra til å løfta Vestland som matfylke, og at me i størst mogleg grad kjøper og serverer lokal- og kortreist mat. Kosthaldsråd må følgja nasjonale retningslinjer, og difor rår fylkesordførar til at saka vert drøfta i administrasjonsutvalet.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten **Mark Taylor (MDG)** sett fram slikt forslag til vedtak:

1. «Vestland fylkeskommune ønskjer styrking av kompetansen rundt sunn kostnad, basert på auka bruk av lokalprodusert mat, blant anna gjennom skulering.»
2. Fylkestinget ber administrasjonen om ei sak om korleis fylkeskommunen kan tilby meir mangfold og valfridom, samt klimagassreduksjon, i mattilboden sitt.»

Fylkestinget tok stilling til om interpellasjonen skulle realitetsbehandlast.

17 av representantane (Sp, FNB, 1R) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3. Saka vart satt på sakskartet for realitetsbehandling i PS 45/19 Berekraftig mat i fylkeskommunen.